

# HAREID ROTARY KLUBB



Hareid Rotaryklubb

Månedsbrev november 2001

Årgang 37

Distrikt 2280

Møtedag: Mandag kl 18.00

Møtestad: Klubbhuset til  
Hareid IL  
6060 Hareid

President: Johs .J. Hareide

Visepres.: John Stennes

Sekretær: Aage Nytnun

Kasserar: Oddvar Haugen

Past pres.: Karl Johan Brandal

Styremedlem: Elisabet Sundgot

Styremedlem: Ingar Bigset

Leiar for

Ungd.utv.: Harald H Rise

Ansv. Red.: Elias Sellevoll

## Fødselsdagar i November:

15.12 Elias Sellevoll

19.12 Bjørn Teigene

27.12 Einar Arne Riise

## 100% frammøte i november:

Svein Johs. Flø Johs. J. Hareide.  
Hans Gisle Holstad. Jan Håvard  
Nytun. Elias Sellevoll. John  
Stennes. Arne G. Grimstad. Ivar  
Grimstad. Roar Hareide. Jarle  
Klungesør. Gunnar Riise.

## RIMFROST OG MILD HIMMEL

Himmelen kom

Kanskje som dagen tilfeldig

Med blekt blått lys

Og milde rolige åndedrag.

Rimfrosten kom

Kan hende for himmelens skyld.

Buskene står og puster hvitt

Med frosne duggperler i sitt hår.

Himmel og rimfrost møtes

Som nå to elskede

plutselig møtes påveiene

og sølvbjeller klinger.

Ingen vet lenger hvem som kom først.

*Astrid Hjertenæs Andersen*

## **Rotarymøte den 05.11.2001.**

Møtestad denne kvelden var Hareid Sjukeheim. Vi var til kveldsmat saman med dei som bur påsjukeheimen. To av medlemene i klubben vår bur der. Det er Andreas Hareide og Peder Måseide.

Presidenten ønskte alle vel møtt, og han takka også for at vi fekk kome på denne etterkvart årvisse turen til Sjukeheimen.

Før måltidet tok Ivar opp tonen til bordverset: "Gud signe maten på vårt bord". Gode snittar vart servert, og praten gjekk livleg rundt borda..

Etter maten sang vi "Den fyrste song eg høyra fekk". Hans Gisle Holstad dikt, der tema var: "Kaptein", eller å gripe nuet.

Hareid Sjukeheim er under utbygging, og det er innflytting i den nye delen den 15.11.

Grete Berge, kunstnar frå Bergen som er fødd og oppvaksen på Hareid hadde med innflyttingsgave:

5 bilder som ho hadde måla av vakker natur med ulike årstider. Denne gava ville ho gje til Sjukeheimen saman med Hareid Rotaryklubb som sto for innraming av bilda

"Det er mange grunnar for at eg vil gje desse bilda til Sjukeheimen" sa ho,

"mor mi, Margot Tviberg bur her. - Hareid har alltid teke godt imot meg. - Eg har mykje slekt her, og eg har hatt gode barne- og ungdomsår på Hareid".

Styraren for Sjukeheimen, Grete Vollsæter takka for bilda, og fortalde om utbygginga.

Før vi vart vist rundt i nybygget sang vi "Jeg har båret larkens vinger".

## **Rotarymøte den 12.11.2001.**

Åpningssong: "De nære ting"

Presidenten minner igjen om at bilplassen rett utanfor døra til Klubblokalet kun skal brukast av den som køyrer Peder til møte, slik at det vert kort veg å gå....

Det spøker for Rørafesten i Snipsørdalen i år: Det er så lite røyfåat det ser ut for at den tradisjonelle festen må avlysast.

Ingar Bigset orienterte om klubben sine planer om opptak av nye medlemmer.

Han minner også om forslag til Paul Harris-kandidat. Dette er et hedersbevis som heng høgt. Vår klubb har delt ut to Paul Harris til no.

Programmet for kvelden var ved Gunnar Heltne. Han budde i Hjørungavåg frå 1969 til 1980. Og arbeidde i Hareid kommune. Han har også 20 sesongar som oppmålar i NGO.

I 1985 fekk han spørsmål frå to vener om "ei jorda -rundt reise". Svaret var ja, og så var dei i gang.

Turen gjekk austover med fly med stopp mange stader. Han tok oss med, og fortalde om opplevingar med bilder frå turen: Det var togreise i Indonesia. Biltur, haiketur og epleplukking i Australia. Fjelltur på New Zealand. Slaraffenliv på Tahiti. Biltur frå LA til New York i USA og fly vidare heim.

Denne turen er vel det alle kunne tenke seg, men som berre nokre få gjer alvor av å realisere.

Gunnar Heltne har gjort det! Takk for at du fortalde oss om reisa !

## **Rotarymøte den 19.11. 2001.**

Åpningssang: "Nyst munde det regna.

Festkomiteen fortel at det er lite røyf i Snipsørvatnet. Derfor er vår tradisjonelle rørafest avlyst for i år.

Presidenten minner om forslag til nye medlemmer i klubben. Han minner også om forslag til "Paul Harris Fellow"

Prosjekt i "Matching Grant" er også noko klubben vurderer.....

Ting som vart tekne opp:

- Guvenøren har spurt om historia til Guvenørkjedet. Dei som har ansvar for arkivet ser etter om der er opplysningar å finne.

- Turstien langs Hareidvassdraget er det gamle vedtak om: Der skal ligge gangsti frå Lissjebrua (Melkebrua) og fram til Grimstadvatnet. Denne stien var delvis opparbeidd, men den er attgrodd.
- Snakk med grunneigarar og få til samarbeid med idrettslaget, så ein kan få fart i arbeidet med turstien.
- Stien vidare langs Grimstadvatnet, og langs elva til Snipsørvatnet må ein også arbeide med.

### **Rotarymøte den 26.11.**

Programfritt møte.

Orientering

- Invitasjon til møte i Hareid Ungdomsråd: Det gjeld orientering for planar om ungdomskafe. Jan Håvard Nytnun møter.
- Det er innkomne forslag til nye Rotarymedlemer, og vi ventar på fleire....